

## Evaluering av INFO233 – vår 2014

### Bjørnar Tessem

Kurset vart gjennomført gjennom 13 forelesingar og 10 veker med 4 timar labøvingar med fokus på praktisk programmering. Opplegget rundt dette fungerte godt og studentane fikk tilgang til forelesingsmateriale, oppgåvetekstar etc via miside.

Strykprosentene var 15% som er høgare enn ein kunne ønskje. Det var og stor fråfall på kurset og berre 13 tok eksamen. Beste karakter var B, og snittet var på D. Det verkar som om studentane i denne gruppa ikkje hadde tilstrekkeleg bakgrunnskunnskap til å kunne følgje eit slikt kurs. I prinsippet er dette kurset basert på kunnskap studentane skal ha lært seg i INFO132 og INFO102, men det ser ut til at dette grunnlags-materialet ikkje er tilstrekkeleg tileigna til at studentane kan få den naudsynte forståinga av stoffet i INFO233.

Forelesingslokalet (Store auditorium: SV-bygget) er altfor stort og ueigna til å ei så lita gruppe studentar.

Eg har ikkje motteke emneevaluering frå seminarleiarane og studentane.

Det er i det heile naudsynt at fleire studentar i informasjonsvitskap har grep om dette stoffet. Dette er og stoff som er sentralt i arbeidslivet som IT-spesialist. Ideelt sett burde det ha vore undervist ved informatikk, for eksempel i kursa INF101 og INF102, men det viser seg vanskeleg å få våre studentar til å ta desse kursa. Samarbeid med Høgskolen i Bergen er og mogleg. Obligatorisk frammøte på alle labøvingar vert tilrådd.